

Moderniseringar ved Lavik Helseheim.

Heimen, som er ein ven og triveleg stad, har rom for 37 pasientar.



Lavik Helseheim.

Det første ein legg merke til når ein står på dekket til ein av Fylkesbåtane og ser innover mot Lavik, er det store, kvite fylkessjukehuset for tuberkuløse i Ytre Sogn, Lavik Helseheim.

Heimen ligg lunt til ved foten av fjell-sida med mykje skog tett ovanfor og berr mark nedanfor. Rundt huset ligg ein mindre velstelt hage innringa av eit heller skrøpeleg gjerde. Nett attmed gjerdet på nedsida går vegen frå Lavik til Alværen framom.

Sjølve bygnaden er ven å sjå til, ser-leg er det reint og vent innvendes. Oversøster syner meg rundt i dei ymse avdelingane, og eg kunne ikkje noko annå enn å verta imponert over kor «by-messig» alt var her. I dei seinare åra er det føreteke ein del moderniseringar. Såleis byrja ein med elektrisk oppvarming då ein fekk straum frå Svultingen. Men forutan elektrodeomn har ein og ein stor koksomn som kan nyttast til sentralfyring dersom straumen skulle verta borte. I fjor vart det kjøpt inn eit heilt nytt røntgenapparat, og elles driv ein framleis på med moderniseringar. Innreiing av kjøle- og fryseskåp er i full gang, og det er tanken å gå over til å bruka elektrisk vaskeri. Dessutan er det planar om større vassverk som både helseheimen og sjølve Lavik kan få nytte av. Å rasjonalisera kjøkkenarbeidet med hypermoderne maskiner er og vorte eit aktuelt spørsmål. For pasi-

entane arbeider ein med å skipa eit eige bibliotek.

Oversøstra fortel at pleieheimen har plass for 37 pasientar med eit personal på 11: 1 lækjar, 4 søstre, 5 kjøkkengjen-ter og 1 kokke. Økonomisk går helseheimen bra, rekneskapen for 1948/49 synte eit overskot på kr. 8 000, men der av vart over 6000 sett av til kjøleskåp.

Granskar ein litt i saga for helseheimen, finn ein at Lavik Helseheim vart sett i gang 1. juli 1916. Frå den tid har det vore ei rekkje med omvølingar av heimen til det betre. Såleis vart huset påbyggt i 1942, og ein kan lett skilja dei to bygningane frå kvarandre. Det er ikkje småe pengemidlar som er vore løyvt til denne helseheimen, men for store vart dei aldri. Skal ein fylgja med tida, er det turvande med rikelege pengeløyvingar. Men trass i alle vanskar, er Lavik Helseheim vorte ein gild stad både for dei som er der for å verta friske og for dei som arbeider der. Ein kan trygt seia at heimen står der åleine i all si prakt som eit vitnemål om at ein også her i Sognefjords-bygdene fylgjer med i utviklinga.